

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Selskap: Helse Vest RHF
 Dato skriven: 14.11.2005
 Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen
 Saka gjeld: **Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker i perioden 18.10.05 – 13.11.05**

Styresak 100/05 O
Administrerende direktør si orientering pkt. 6

Styremøte 23.11.2005

Bakgrunn

Del 1 i oversikten gjeld saker der det statlege tilsyns-, kontroll- eller klageorgan har vendt seg direkte til Helse Vest RHF.

Oversikten inneheld

- nye saker tilsendt i perioden 18.10.05 – 13.11.05
- eldre saker dersom desse ikkje var avslutta ved sist rapportering

I del 2 er det tatt inn konkrete tilsyns-, kontroll- og klagesaker som gjeld helseføretaka i regionen.

Del 1

Tilsynsmyndigheit	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentarar/status
Riksrevisjonen	21.10.05	Etter helseføretakslova § 33 kan helseføretak ikkje ta opp lån i den private marknaden. For eventuelle underliggjande aksjeselskap gjeld føresegnene i aksjelova som ikkje inneheld ei slik regel. Riksrevisjonen ber om ein oversikt over underliggjande aksjeselskap i føretaksgruppa samt ein opplisting som viser alle lån desse selskapa har i den private marknaden. Svarfrist: 07.11.05.	Svar på førespurnad sendt 07.11.05. I svaret er det gjort greie for at ingen underliggjande selskap har lån i den private marknaden ut over ordinær driftskreditt.
	08.11.05	Oversending av Dokument nr. 3:3 (2005-2006) <i>Riksrevisjonens undersøkelse av tjenester fra</i>	Riksrevisjonen stiller i rapporten spørsmål ved om dei totale ressursane til

		laboratorie- og røntgenvirksomheter.	laboratorie- og røntgenenester blir utnytta effektivt. Det blir peikt på at dei regionale helseføretaka har for lite kunnskap om laboratorie- og røntgenverksemd i eigne føretak til å kunne vurdere om det er betre økonomi å kjøpe tenesta frå private I rapporten er det avdekka at helseføretaka tidlegare ikkje alltid har følgd regelverket for offentlege innkjøp ved etablering av avtaler med private laboratorie- og røntgenverksemdar. Rapporten peiker og på at trygdeetaten sin kontroll med refusjonar til desse verksemdene har store manglar.
Statens helsetilsyn	Mars 05	Overbelegg ved Sandviken sjukehus. Pålegg om å rette forholda ved Sandviken sjukehus. Helse Vest har i samarbeid med Helse Bergen utarbeidd ein handlingsplan for å rette forholda ved Sandviken sjukehus. Helse Vest har frå mai 2005 jamleg rapportert på utviklinga når det gjeld overbelegg og korridorpasientar. I brev av 07.10.05 til Statens Helsetilsyn er det gjort greie for at effekten av tiltaka no gjer seg gjeldande, og at problema med korridorpasientar er løyst i samsvar med handlingsplanen. I brevet er det i tillegg gitt ein del utfyllande opplysingar som Helsetilsynet hadde bedt om.	Av rapportering frå Helse Bergen 07.11.05 går det fram at det frå 11.10.05 ikkje er nytta korridor for pasientar ved korttidspostane i avdeling for psykose og avdeling for stemningslidingar på Sandviken. Totaltala for oktober viser eit belegg på 103 %. Presset har vore særleg stort ved PAM. Når det gjeld status for tiltak, er det opplyst at det no bår drift ved dei almen psykiatriske postane ved Fjell og Årstad DPS og Bjørgvin DPS. Drifta ved dei nye einingane er slik som planlagd. Den ambulante akutteininga har vore i drift i om lag 1 månad. Det blir arbeidd aktivt med å tilpasse drifta i eininga til det ordinære

			apparat innan spesialisthelsetenesta og i kommunane.
	16.06.05	Tilsyn ved rehabiliteringsklinikken, seksjon Lassa, Helse Stavanger (sjå nedanfor under del 2)	Heletilsynet i Rogaland har med bakgrunn i tilsynet tatt opp einskilde forhold som gjeld prioriteringskriteria for rehabiliteringstenesta og bruken av desse når det gjeld inntak av pasientar frå Helse Stavanger og Helse Fonna sine områder. Det blir bedt om Helse Vest sin avklaring i forhold til desse forholda. Det er ikkje sett frist for tilbakemeldinga. Helse Vest har i brev av 01.07.05 bedt Helse Stavanger om deira kommentarar.
	30.09.05	I brev frå Helsetilsynet i Rogaland er det opplyst at ein har fått oversendt prioriteringskriteria frå alle spesialitetar og at den del av saka no er avklara. Helsetilsynet peiker framleis på at det under tilsynet blei reist spørsmål knytt til Lassa sitt ansvar ovanfor pasientar frå Fonna, og at desse spørsmåla framleis ikkje er avklart. Helsetilsynet ber om at Helse Vest bidrar til å klargjere dette.	Helse Vest har i brev til Helse Stavanger 12.10.05 bedt om svar i saka så snart råd er. Svar frå Helse Stavanger motteke 04.11.05. Av svaret går det fram at ved Lassa er mellom 20 og 25 % av innleggingane frå Helse Fonna – dette gjeld både primærrehabilitering og enklare utgreiingsopphald.
Arbeidstilsynet	Det er ikkje motteke nokre saker frå Arbeidstilsynet i perioden.		
Datatisynet	Det er ikkje motteke nokre saker frå Datatisynet i perioden.		
Klagenemnda for offentlige anskaffingar	04.10.05	Klage frå Fürst Medisinske Laboratorium AS. Klager har delteke i konkurranse for levering av laboratorietenester. Det blir hevda at Helse Vest har gjort feil under tilbodsevalueringa.	Klagenemnda sin avgjerd avsagt 24.10.05. Klagenemnda legg til grunn at Helse Vest ikkje har brote regelverket for offentlige innkjøp.
Sivilombudsmannen	Det er ikkje motteke nokre saker frå Sivilombudsmannen i perioden.		

Dispensasjons- og klagenemnda for behandling i utlandet	Det er ikkje motteke nokre saker frå Dispensasjons- og klagenemnda i perioden.		

Del 2

Tilsynsmyndigheit	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentarar/status
Riksrevisjonen	Det er ikkje registrert nye saker i perioden.		
Statens helsetilsyn	08.11.05	Oversending av rapport frå tilsyn ved Haugesund Sanitetsforenings revmatismesjukehus. Tilsynet gjaldt sjukehuset sitt internkontrollsystem. Ved tilsyn i 2000 blei det påpeikt at sjukehuset sitt internkontrollsystem har vesentlege manglar. Helsetilsynet i Rogaland har etter dette jamleg vore i dialog med sjukehuset for å få lukka avviket. Det er no gjennomført eit nytt tilsyn med same fokus som i 2000. Ved tilsynet blei det ikkje funne avvik eller gitt merknadar.	
Arbeidstilsynet	Det er ikkje registrert nye saker i perioden.		
Datatilsynet	10.10.05	Helse Bergen. Varsel om at det vil bli gjennomført tilsyn ved Kysthospitalet Hagavik 10.11.05. Formålet med tilsynet er å klarleggje om vilkåra for den behandling av helseopplysingar som verksemda gjer, er oppfylt med omsyn til tilgang til helseopplysingar.	
Klagenemnda for offentlige	22.02.05	Helse Bergen. Klager: Sogn og Fjordane	Avgjerd føreligg ikkje.

anskaffingar		Taxi AS. Klager deltok i ein open anbodskonkurranse for sjuketransport. Det er påpeikt i klagen at det ikkje er gitt korrekt grunngjeving, og at det ikkje er gitt tilstrekkeleg innsyn.	
	22.04.05	Helse Bergen. Klager er Austevoll Taxi. Klager deltok i ein anbodskonkurranse for sjuketransport. Det blir hevda at vald leverandør skulle vore avvist.	Avgjerd føreligg ikkje.
	09.05.05	Helse Stavanger. Klager: MT Vest AS. Saka gjeld konkurranse med forhandling om kjøp av frikjøleprosjekt. Klagen gjeld spørsmål om sakleg grunn til avlysing av konkurranse, spørsmål om det er gjennomført reelle forhandlingar, spørsmål om ein utan har gjort ein konkurranseavgrensande samankopling av ytingar.	Avgjerd føreligg ikkje.
	01.08.05	Helse Bergen. Klager: Techno System AS. Saka gjeld konkurranse vedrørande kjøp av respiratorar. Klager hevder at ein ved evalueringa har handla i strid med kravet til forutberegnelighet.	Avgjerd føreligg ikkje.
Sivilombudsmannen	Det er ikkje motteke nokre saker frå Sivilombudsmannen i perioden.		